

FYLKESMANNEN I HORDALAND  
Postboks 7310  
5020 BERGENDato: 29.05.2017  
Vår ref.: 2017/1811-5  
Saksbehandlar: endkors  
Dykkar ref.:

## **Marint vern i Hordaland - høyring av verneframlegg for tre kandidat område: Lurefjorden med Lindåsosane, Krossfjorden og Ytre Hardangerfjord**

Vi viser til Dykkar brev av 21.02.2017, Marint vern i Hordaland - høyring av verneframlegg for tre kandidat område: Lurefjorden med Lindåsosane, Krossfjorden og Ytre Hardangerfjord, samt avtale med Stein Byrkjeland om utsett høyringsfrist slik at saka kunne handsamast i Fylkesutvalet.

Saka vart handsama av Fylkesutvalet i Hordaland 23.05.2017, og vart det gjort følgjande vedtak:

1. Hordaland fylkeskommune er positive til prinsippet om å etablere marine vernområde i Hordaland.
2. Hordaland fylkeskommune støttar innføring marint verneområde i Lurefjorden og Lindåsosane. Dette er eit område som er særregna og representativt for norsk natur og ein god kandidat for vern.
3. Hordaland fylkeskommune tilrår ikkje vern av Krossfjorden med omsyn til eksisterande og framtidig akvakulturverksemd. Alternativt at verneområde for Krossfjorden vert avgrensa til område som ikkje er i konflikt med etablerte akvakulturlokalitetar. Dette må eventuelt konsekvensutgreiast.
4. Hordaland fylkeskommune tilrår ikkje vern av Ytre Hardangerfjord med omsyn til eksisterande og framtidig akvakulturverksemd. Alternativt at verneområde for Ytre Hardangerfjord vert avgrensa til område som ikkje er i konflikt med etablerte akvakulturlokalitetar. Dette må eventuelt konsekvensutgreiast.
5. Hordaland fylkeskommune meiner at forvaltningsansvaret når vernet er vedteke må tilleggas regionalt folkevalt nivå, samt at det vert oppretta eit rådgjevande utval for forvaltning av verneområde.
6. Hordaland fylkeskommune meiner at konsekvensane av verneframlegg for noverande og framtidig akvakultur, skjelsandoptak og tarehausting ikkje er utgreidd i tilstrekkeleg grad.
7. Hordaland fylkeskommune meiner at dei områda som er verna mot tarehausting gjennom anna lovverk, er tilstrekkeleg store til å ivareta tareskogen som referanseområde for forskning og overvaking, og at hausting av tare innanfor Krossfjorden marine verneområde må tillatast, på lik linje med hausting av andre villlevande marine ressursar.
8. I den føreslåtte forskrifta for Krossfjorden § 3 (Vernereglar), bør det under bokstav c takast ut at området er verna mot uttak av masse som krev konsesjon etter lov (kontinentalsokkelova). Det vert i staden føreslått ein eigen bokstav (d) som omhandlar vilkår for uttak av masse som krev konsesjon i medhald av lov (kontinentalsokkelova). Forslag til bokstav d): Det kan berre søkjast

om konsesjon for uttak av skjelsand for førekomstane som det er opna for å søkje om konsesjon på i forvaltningsplan for verneområdet, og på vilkår som er sett i forvaltningsplanen i tillegg til dei generelle konsesjonsvilkåra.

9. Hordaland fylkeskommune vil streke under at berørte kommunar må involverast tett i den vidare prosess.

Kopi av saksframstillinga og utskrift av den politiske handsaminga ligg ved.

Sølve Dag Sundbø  
klima- og naturressurssjef

Endre Korsøen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*